

2003 / 02189		25
02 DES 2003 ASR/JSK		
Saksf. nr.	OAF	420
Rott	Saksf. nr.	



SØR-ROGALAND JORDSKIFTERETT

Postboks 2094, 4095 STAVANGER - Besøksadr.: Gartnerveien 4

Telefon 51 81 22 22 - Telefaks 51 81 22 23 - Bankgiro 7874 06 31747

E-post: sor.rogaland.jordskifterett@jst.no

Det kongelige landbruksdepartement
Postboks 8007, Dep.
0030 Oslo

Dykkar ref.:

Vår ref.: (bes oppgitt ved svar)
J1151/03-thj

Arkivnr.:
008

Dato:
01.12.2003

HØYRINGSFRÅSEGN TIL ARBEIDSGRUPPERAPPORT OM FORSLAG TIL JORDSKIFTEVIRKEMIDLER I BYER, TETTSTEDER OG HYTTEOMRÅDER - "URBANT JORDSKIFTE"

Rapporten klarer i stor grad – men med nokre unntak – å ivareta omsyna til dei overordna prinsippa om t.d. at domstolane skal vere uavhengige. Vi vil her framheve at eit av dei overordna måla når ein talar om domstolar og forvaltningsstyresmakter i same setning, er og må vere å ivareta maktfordelingsprinsippet. Dette vil mellom anna gi seg utslag i at forvaltningsstyresmakter i minst muleg grad må kunne initiere saker utan å sjølv vere part. Samstundes må ikkje forvaltningsstyresmakter vere tillagt kompetanse til å avgjere tvistar mellom privatpersonar i større utstrekning enn det som strengt tatt er nødvendig.

Arbeidsgruppa har delt seg i eit fleirtal og et mindretal. Etter vårt syn gjer ikkje fleirtalet i gruppa framlegg om vesentlege endringar i jordskifterettens kompetanse. Vi støttar ei klargjering av jordskifterettens sin stadlege kompetanse utan at vi kan sjå at dette medfører ei utviding i høve til i dag.

Mindretalets votum og grunngjeving ville derimot ha gitt ei kraftig endring om det skulle gjennomførast. Problemstillingane som mindretalet reiser er for det meste velkjende og etter kvart utførlig drøfta, mellom anna i Løkenutvalgets innstilling (NOU 2002:9) og i regjeringas oppfølging av denne (ot.prp.nr. 106 2002-2003). I denne samanhengen finn vi det meir enn tilstrekkeleg å vise til desse.

Forslaget om arealmekling kan vi *ikkje* slutte oss til. For oss er det uklart om dette i det heile er ei oppgåve for domstolane. Særleg betenkt er vi over at ein i samband med "arealmekling" ikkje føreset at det er kravd, eller skal krevjast, sak for jordskifteretten. Såleis blir dette ein eigen sakstype. Til forskjell frå dei andre sakstypene i jordskifteretten, føreset ein ved arealmekling at denne ikkje skal realitetshandsamast om partane ikkje vert einige. Då er ein etter vårt syn farleg nær, eller over, grensa for kva domstolane skal drive med. Noko anna er det med rettsmekling som er foreslått tatt inn i jordskifterettens. Dette støtter vi fullt ut.

Vidare er vi noko uroa over at eit slikt sterkt band til ulike plantypar m.m. i samband med mellom anna arealmekling, vil gje omverda inntrykk av at jordskifteretten er ei forlenga arm av planstyresmaktene. Såleis er vi ikkje heilt sikre på om ordlyden i dei føreslegne §§ 2, bokstav h, 3, bokstav c og 5, andre ledd er tenlege.

Omsynet til rettslikskap for heile landet tilseier etter vårt syn at ein ikkje kan ha ulike reglar i rurale og urbane områder om mellom anna kravet til kor mange eigedomar som må ha nytte. Såleis bør den føreslegne § 3, bokstav c ikkje takast inn i lova.


Forslaga til § 2 ny bokstav h og § 5 nytt andre ledd kan, etter vår meining, med på å trekkje i tvil spørsmålet om jordskifterettane er uavhengige i forhold til planstyresmaktene. Dersom ein ønskjer at jordskifterettane skal handsame denne type saker, vil vi foreslå at ein gjer det gjennom, eller tilsvarende, jordskiftelova § 6, 4. ledd (avtaleskjønn), og med tilhøyrande reglar i plan- og bygningslova. Spørsmålet om å fordele arealverdiar og kostnader er i stor grad eit spørsmål om skjønn og burde derfor kanskje verte behandla etter desse reglane. Forslaga har sin analogi i plan- og bygningslova § 32 (særleg punkt 2), jf. kap. X. Såleis skulle forslaga i §§ 2h og 5.2 ikkje vere turvande.

Til dei andre forslaga har vi ikkje merknader av særleg vekt.

Konklusjon:

Vi vil rå mot at det vert innført nye ordningar som er særskilte for jordskifterettane. Utviding av kompetanse må skje gjennom dei ordinære virkemidla som jordskifterettane i dag rår over (rettsfastsetjing, rettsendring, skjønn). Vi vil og rå mot ei for sterk binding av kompetanse til ulike plantypar og fargar på desse.

For
Sør-Rogaland jordskifterett



Torbjørn Hjørtåker
jordskiftedommar
e.f.